

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 55/2005

Møtedato: 8.11.05

Arkiv nr:

## Handlingsprogram for idrett og friluftsliv

I kommunedelplan for idrett og friluftsliv er det ei uprioritert liste over langsiktige behov 10 -12 år framover og ei prioritert liste for 4 år. Uprioritert liste over langsiktige behov blir revidert kvart 4. år og prioritert liste for 4 år blir revidert kvart år.

I sak 48/05 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*Fjellstyret ber om at følgjande tiltak blir ført opp i plan:*

Tiltak	kostnad	gjennomføring
1. Tiltaksplan for tilrettelegging for sykkel	ukjent	2005-2006
2. Flytting av rasteplass ved Sørre Syndin	15.000	2005-2006
3. Utedo ved Kvitehaugen/Strø	25.000	2005-2006
4. Informasjonstavle/sikteskive på Knippa	ukjent	2006-2007
5. Tiltak på Haugvørpe jfr. plan	200.000	2006-2007

Det vart gjeve eit tilskot på kr 20.000 til utarbeiding av sykkelplan. Tiltaksplan for sykkel skal vera ferdig utarbeidd innan 15. november.

## VEDTAK:

Fjellstyre ber om at følgjande tiltak blir ført opp i kommunedelplan for idrett og friluftsliv:

Tiltak	kostnad	gjennomføring
1. Tiltak for tilrettelegging for sykkel (fellesprosjekt)	klart 15. 11	2006-2008
2. Informasjonstavle/sikteskive på Knippa	ukjent	2006-2007
3. Utedo ved Kvitehaugen/Strø	25.000	2006-2007
4. Tiltak på Haugvørpe jfr. plan	200.000	2006-2008

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 9.11.05.

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune